



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tlf.: 53 48 31 00

Fax: 53 48 31 30

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Omega Areal
Kvassanesvegen 4

5582 ØLENSVÅG



Saksbehandlar
Torill Slåke

Tlf. direkte innval
98298302

Vår ref.
2016/2962-2

Dato
13.09.2016

IGANGSETJINGSLØYVE (Eitt-trinnsøknad) Delegert løyve

Tiltak: Nye bygg og anlegg - parkeringsplass
Gnr/bnr: 185/226
Byggestad/adresse: 5451 VALEN
Tiltakshavar: Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575 AKSDAL
Ansvarleg søkjar: Omega areal AS, Kvassanesvegen 4, 5582 ØLENSVÅG

Delegert vedtaksnr.: 2016/438

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 09.08.2016 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

- **Omega Areal AS, Friluftsrådet Vest, Kvinnherad Maskin AS**

Vilkår:

1. Det må søkjast om ferdigattest straks tiltaket er ferdig, jf. PBL § 21-10.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyvet.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

Dispensasjon: Det vart gjeve dispensasjon til deling av areal som skulle nyttast til parkeringsplass i Forvaltningskomiteen 26.03.2014:

«Dispensasjon - pbl § 19-2:

Kvinnherad forvaltningskomite gjev dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommuneplan for Husnes-området. Det kan delast frå ein parsell ca 1,1 da kring eksisterande kraftstasjon som skal nyttast til museum/undervisingsføremål og parkeringsplass. Løyvet er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna til føremåla i lova, ikkje verta vesentleg sette til side.

Ut frå ei samla vurdering, og i samsvar med utgreiinga, ser ein fordelane ved å gje dispensasjon klart større enn ulempene.»

Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.

Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.

Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.

Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.

Kulturminne: Ingen registreringar i området.

Landbrukskontoret har ingen merknad til plasseringa
Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndar.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med pbl § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Torill Slåke
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Tiltakshavar
Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen